



**TELEMARK UTVIKLINGSFOND
TUF**

Saksliste styremøte 20.12.2012

TELEMARK UTVIKLINGSFOND



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

INNHOLDSFORTEGNELSE

1.	SAK NR 53 TELEMARK TECHNOLOGIES	3
1.1.	Forslag til vedtak	3
1.2.	Vurdering av daglig leder	3
1.2.1.	Sammendrag	3
1.2.2.	Målet med prosjektet	3
1.2.3.	Videre arbeid	3
1.2.4.	Informasjon fra søker.....	3
1.3.	Beskrivelse av prosjektet fra søker	4
1.3.1.	Sammendrag av søknaden	4
1.3.2.	Strategi - Telemark Technologies:	4
1.3.3.	Visjon – Telemark Technologies:	4
1.3.4.	Geografi – Telemark Technologies:	4
1.3.5.	Problemstilling og konsekvens ved dagens løysing	5
1.3.6.	Konsekvensar ved dagens løysing.....	5
1.3.7.	Kva skal utviklast	5
1.3.8.	Konsekvensar ved ny løysing.....	5
1.3.9.	Gevinstar etter gjennomføring	5
1.3.10.	Økonomiske gevinstar	6
1.3.11.	Kvalitative samfunnsøkonomiske gevinstar	6
1.3.12.	Korleis skal prosjektet gjennomførast	6
1.3.13.	Risikopunkter	6
1.3.14.	Konsekvensar ved avslag av søknaden.....	7
1.3.15.	Budsjett.....	7
1.3.16.	Finansieringsplan	7
1.4.	Vedtak i styret	7
1.5.	Vedlegg til saken	7



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

1. SAK NR 53 TELEMARK TECHNOLOGIES

1.1. Forslag til vedtak

Styret bevilger kr 1.600.000,- til forprosjekt i henhold til søknad fra Telemark Technologies AS.

1.2. Vurdering av daglig leder

1.2.1. Sammendrag

Telemark Technologies søker om kr 1.600.000,- til forprosjekt før mulige etableringer på tre lokasjoner i Telemark. Notodden, Seljord og Porsgrunn.

Det er daglig lederes oppfatning at forprosjektet kan være avgjørende for å danne grunnlaget for de nevnte etableringer.

Forprosjektet vil etter daglig lederes syn knytte disse prosjektene tett sammen mot Kongsberg miljøet. Kongsberg miljøet vil være en avgjørende faktor i det å kunne etablere tette relasjoner mellom regionen Kongsberg, Notodden og Seljord.

1.2.2. Målet med prosjektet

Er å bli en ledende norsk teknologileverandør med leveranser mot store selskaper innen olje og gass, både som underleverandør og med egne produkter.

De ønsker å sette Telemark tilbake på det internasjonale teknologikartet.

Dette skal de gjøre ved å etablere bedrifter på Notodden, Seljord og Porsgrunn. Dette vil passe inn i planene til fondet ved at det blir sterke samarbeidsprosjekter i Telemark. Det er videre et godt samarbeid med andre bedrifter i Telemark, Rjukan, Bø, og Nome.

1.2.3. Videre arbeid

Etter gjennomføringen av forprosjektet ser en for seg to nye faser. Etablering i Porsgrunn og Seljord.

I disse fasene bør Innovasjon Norge være en aktiv samarbeidspartner, daglig leder vil arbeide aktivt sammen med søker for å dokumentere de neste fasene.

Det kan være riktig at fondet blir med videre med finansiering i de neste fasene om nødvendig. Dette vil imidlertid bli nøye vurdert senere. Det vil være rett inn i fondets kjerneoppgave dersom en kunne påvirke til en stor etablering i Seljord. Det vil ikke være mange etableringer i Seljord eller Vest-Telemark som realistisk kan bli på ca. 50-60 ansatte.

1.2.4. Informasjon fra søker

Daglig leder har kopiert ut hoved informasjon fra søknaden, dette sammen med søknad som ligger vedlagt bør gi god informasjon hva søker ønsker med forprosjektet og prosessene videre.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

1.3. Beskrivelse av prosjektet fra søker

1.3.1. Sammendrag av søknaden

Telemark Technologies søker med dette Telemark Utviklingsfond om støtte til etablering av Telemark Technologies i markanden. Etableringa går i tre fasar:

- 1) Forstudium, søknadssum kr 1.600.000,-

Til orientering er dei neste fasane:

- 2) Etablering produksjonsfasilitet i Nedre Telemark, gjerne ved å styre ein aktør som er etablert.
Utfyllande detaljar kan framvisast etter utført forstudium (fase 1)
- 3) Etablering i Vest-Telemark (til orientering i denne søknaden)

1.3.2. Strategi - Telemark Technologies:

Ein leiande norsk teknologileverandør. Engineering, produksjon, contracting, innkjøp, test og integrasjon av subsea systems, leveranse av eigne produkt til dei store selskapa innan olje og gass.

1.3.3. Visjon – Telemark Technologies:

Telemark Technologies skal setja Telemark tilbake på det internasjonale teknologikartet. Selskapa skal styrke Telemark innan teknologi, økonomi og kultur basert på internasjonal innovasjon og lokale tradisjonar.

1.3.4. Geografi – Telemark Technologies:

Konsernet skal skape arbeidsplassar i heile Telemark. Utgangspunkt i Telemark Teknologipark (Notodden) og Kongsberg Teknologipark. Etablering av fasilitetar i Vest-Telemark og Grenland skal sikre nødvendig kapasitet og kompetanse for større systemleveransar frå Notodden via nye e-134 og Telemarkskanalen Notodden – Nedre Telemark. Vidare er Notodden flyplass avgjerande. Dei fysiske føresetnadane som folk, ledig kapasitet og infrastruktur er akkurat nå ideelle Telemark for ei større satsing:



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

1.3.5. Problemstilling og konsekvens ved dagens løsning

Det avgjerande i nåverande fase er å kome i posisjon til å levere større subsea-prosjekt raskt. Fyrste steg er å konkretisere prosjektet i form av teikningar, utrekningar, ei konkretisering av planane. Eit forprosjekt vil kunne vise marknaden at vi er i posisjon til å levere. Viser vidare til strategi i starten av søknaden og orientering 14.12.2012.

1.3.6. Konsekvensar ved dagens løsning

Dei store aktørane i bransjen uttaler at dei skal ha færre og større leverandørar. Konsekvens av å ikkje utvikle dagens struktur kan vera å ikkje få høve til å tilby, og ikkje vera representert på «bidders list».

1.3.7. Kva skal utviklast

Ved noko hjelp til sjølvhjelp meiner Telemark Technologies å kunne bidra til å setja Telemark tilbake på det internasjonale teknologikartet. For å realisere denne visjonen trengs finansiell hjelp til forprosjekt og hovudprosjekt som er omtalt i søknaden. Da det søkjast om ein relativt liten sum i høve til potensiell inntening og sysselsetjing i kommunar som i dag manglar dette, meiner Telemark Technologies at ei slik investering er av det mest lønnsame ein kan ta seg til i dagens marked. Sjå presentasjon, vist for TUF 14.12.2012. Utfyllande detaljar presenterast etter forprosjektet.

1.3.8. Konsekvensar ved ny løysing

Eit vellykka prosjekt vil gi teknologiarbeidsplassar i Telemark i minst ein generasjon. Spin-off vil truleg vera betydeleg. Sidan bransjens største utfordring i dag er kompetanse og kapasitet, er dette noko som finst i Telemark. Ved gjennomføring av dette prosjektet vil dagens eksisterande teknologibedrifter få auka aktivitet som underleverandørar. Bedrifter som i dag ikkje er på «bidders list» får høve til å levere, og lære seg energibransjens krav.

Prosjektet vil føre til auka aktivitet på Notodden flyplass.

Å levere ny teknologi til oljebransjen fører til auka utvinning av fossilt brennstoff. Dette vil somme sjå som negativt, men satsinga held seg innom dei føringar som er gitt av OED og Regjeringa. I tråd med Olav Fjalestad sin gamle strategi, bør derimot ei slik teknologisatsing i neste generasjon kunne føre til ei satsing på jernbane, i samarbeid med aller relevante aktørar, og setja fokus på samferdsel generelt.

Nokre aktørar vil sjå det som negativt av industri/teknologi i dette prosjektet vil trekke til seg tilsette som i dag er i andre næringar.

1.3.9. Gevinstar etter gjennomføring

Prosjektet har som mål å plassere Telemark tilbake på det internasjonale teknologikartet dersom det lykkast. I følgje Norsk Industri er verdiskapingsforholdet i denne bransjen 1:5, dvs. at 20 arbeidsplassar i denne næringa gir 100 totalt.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

1.3.10. Økonomiske gevinster

Dersom prosjektet lykkast, og vil ha lokale eigarar i neste generasjon er den økonomiske gevinsten for lokalsamfunnet stor. Telemark Technologies gir totalt 36 arbeidsplassar i dag. Vi håpar å kunne ha om lag 150 årsverk innan utgangen av 2016.


Sidan vi på dette tidspunktet ikkje har lov å presentere produkt, blir oppsettet noko abstrakt for lesaren. Men generelt operer vi med eit prosjektbidrag på 30%. Dvs. ei prosjekt til kr 100 Mill vil gi prosjektet kr 30 Mill.- i bidrag. Bidrag 2 (bunnlinja) bør i vår bransje ligge på om lag 10%.

1.3.11. Kvalitative samfunnsøkonomiske gevinster

Prosjektet bør gjennomførast innan 2016. Forstudien tidleg i 2013. Forstudien vil gi utfyllande svar, og vera eit grunnlag for søkning av meir finansiering, da mange detaljar må konkretiserast. Sjå elles allmenn kjente kalkyler i bransjen, f. eks. rapporten frå Rysstad Energy.

1.3.12. Korleis skal prosjektet gjennomførast

Arbeidet skal gjennomførast i regi av eksisterande verksemder i Telemark Technologies, da dette gir størst tiltru frå kundane:



Forstudiet må gjennomførast raskt for å komme ut i merknaden som fort som mogleg, i ein kombinasjon av «intern» og ekstern kompetanse. Telemark Teknologipark på Notodden er i mange høve eit «sjølvbergingsbruk» av bedrifter med kompletterande kompetanse. Vidare har bedriftene i Kongsberg Teknologipark mykje av den spisskompetansen og erfaringa som i dette tilfellet er nødvendig.

1.3.13. Risikopunkter

Det er ein risiko at oljeprisen kan bli så låg at det blir stillstand i marknaden. Derfor arbeider Telemark Technologies med å skaffe seg kundar i andre delar av energibransjen.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

1.3.14. Konsekvensar ved avslag av søknaden

For å kunne nytte den gunstige marknadssituasjonen vi nå har fått, er det avgjerande å gjennomføre eit forprosjekt svært raskt, og deretter få etablert bedriftsstrukturen / fasilitetar / den nye teknologien.

Tidsfaktoren er avgjerande. Sjansen er her nå, og eit avslag kan føre til at prosessen med å komme i gang tar for lang tid.

1.3.15. Budsjett

Etter forprosjektet vil vi kunne legge fram driftsbudsjett. Per i dag er her for mange store utsikre faktorar til at vi ønskjer å legge det fram. Dette er bakgrunnen for søknaden.

BUDSJETT – FORPROSJEKT (FASE 1)

	TNOK
Konsernprofil, WWW, app.	440 000
Arkitekt, Århus, Tuven, NOPRO, konsept	424 000
Prosjektleiari (Fase 1)	637 000
Teknisk inst., subsea montering/sveis	650 000
Reiser	25 000
Forstudium, brønnteknologi, trykktest	2 145 000
Total NOK	4 325 000

Det blir brukt om lag 2 Mill på Telemark Subsea AS for å utvikle maskineringsbedrift/prototypeverkstad tilpassa subsea-marknaden.

1.3.16. Finansieringsplan

Støtte frå TUF, forstudium (fase 1)	1 600 000
Eigen finansiering, maskineringsverkstad	2 725 000
Totalt finansieringsbehov	4 325 000

Gode tilbakemeldingar frå stor aktør i marknaden gjer det sannsynleg at vesentleg drahjelp vil vera tilgjengelig innan teknologi og utvikling av denne dersom vi kan dokumentere konseptet gjennomførbart.

1.4. Vedtak i styret

1.5. Vedlegg til saken


BAKGRUNN ±Telemark Technologies:

Dei store internasjonale aktørane innan olje og gass har i sin strategi å ha færre og større leverandørar.

Telemark leverer om lag 10% til olje- og gassindustrien i høve til nabofylka, og slik sett kan vi symbolsk sei at eit gammalt kart over Bratsberg Amt i vår samanheng er i god skildring, der Telemark er ein kvit flekk:

1.2. Søkjar og prosjekteigar

Telemark Technologies AS er søkjar og prosjekteigar. Selskapet er 100% eigd av Torgeir Straand, Bø. Konsernet har følgjande dotterselskap og struktur:



Telemark Technologies AS


- Etablert 2011 av Torgeir Straand
- Skal ha følgjande divisjonar innan norsk kjerneteknologi, bygd på dagens struktur:
 - o System Engineering, tung bransjekunnskap. Kongsberg, Notodden, Vest-Telemark
 - o Mekanisk konstruksjon / prosjektleiing. Notodden
 - o Fabrikasjon. Nedre Telemark (skiftarbeid og seriell produksjon), Notodden/Vest-Telemark (prototypar)
 - o Digital kommunikasjon Notodden, Kongsberg og Göteborg
 - o Motasje, test og service, Notodden, samt personell frå Vest-Telemark
- Telemark Technologies har som strategi å opne for lokale aktørar på eigarsida: Nøkkelpersonell som aktive eigarar i drivarselskapa, og det offentlege/lokale bankar og -aktørar men unngå kapitalfond dersom dette er mogleg forsvarleg. Telemark Technologies skal såleis ha eit aktivt, langsiktig og lokalt forankra eigarskap. Konsernet har som målsetjing å unngå private kapitalfond som av natur er meir opptatt av resultat per kvartal enn verdiskaping for neste

generasjon. Heller lokale aktive aktører som kan tenkje langsiktig når det gjeld resultat, teknologi og arbeidsplassar, samt formidling av lokal kultur.

- Logoen tek utgangspunkt i drakehovudet på hardingfela. Samstundes gir den assosiasjonar til vikingtid og norsk mot på verdshava.
- Namnet Telemark plasserer selskapet geografisk og kulturelt. Technologies fortel at det er ei teknologisatsing.
- I nåtida er det naturleg å satse innan Subsea Oil & Gas (undervasssteknologi relatert til oljebransjen). Erfaringsmessig veit vi derimot at denne bransjen går opp og ned. Historisk sett gjerne i om lag sjuårs syklusar. I seinare tid har desse periodane blitt kortare. Utfrå plasserte kontraktar og dei store selskapa sine prognoser, samt analytikarar som Rysstad Energy, der det grunn til å tru at vi vil ha ein svært stor vekst i næringa fram mot 2016. Og bransjen manglar enormt med kapasitet, noko Telemark har dersom denne blir utnytta på relevant måte.

KORT OM KVART AV DEI UNDERLIGGANDE SELSKAPA

Dei ulike fagdisiplinane i ei større systemleveranse er tenkt slik inndelt:



Ble Engineering AS (BLE)

etablert 2005, har 15 tilsette Notodden/Kongsberg og utfører mekanisk konstruksjon / detaljkonstruksjon og prosjektleiing, samt sal av egne produkt. Bedrifta hyser personar med tung engineering-kompetanse innan subsea-fagområdet. Viktigaste produkt med eit kjempestort internasjonalt potensiale er ROTOSTAR®, ei elektrisk feittpresse som hindrar gassutslepp ved brønnoverhaling, RLWI (Riser Less Well Intervention). I denne samanhengen er ein 700 bars trykktank viktig å nemne. Systemet truleg bil Europas største trykktestsystem, og kan teste og kvalifisere utstøyr for verdas største havdjup. FMC på Kongsberg har bestilt eit slikt system med ID Ø 1m, h=2,2m og automatisert drift. BLE vil skaffe seg ein slik tank på Notodden i 2013, noko som vera med og sikre Telemark Teknologipark posisjonen som Noregs mest moderne subsea testsenter. Kongsberg-gruppen har tidlegar kjøpt to mindre sike system frå BLE, ein 350 bars tank og ein 800bars tank. Produktet har stort internasjonalt potensiale i 100-millionarsklassa, dersom vil får etablert eit avansert tilpassa produksjonsapparat. Bedrifta har tatt fram ei mengd produkt, men manglar eit apparat til å levere desse produkta som store seriar, og har så vidt kapasitet til å laga prototypen av dei produkta ingeniørane skaper. Eigarar: Telemark Technologies 57%, teknisk sjef Oddbjørn Aase 30%, subsea-pioeer Gorm Syvsersen 6% og prosjektsjef Kristoffer Tollehaugen 6% (avrunda tal). Styre: Leiar Gorm Syvsersen, Torgeir Straand, Oddbjørn Aase og Andreas Thorvaldsen (tidlegare instituttleiar ved ingeniørutdanninga på Kongsberg, HiBu).

Til Telemark AS

formidlar kultur, matopplevingar og folkemusikkprogram i inn- og utland. Til Telemark AS held til i Spelstugo på garden Brukås, Bø i Telemark. Bedrifta vil i tillegg til å til å levere egne produksjonar kunne lage ei ramme med telemarkskultur (hardingfele, bunadar, skikøyring m.m.) fungerer som stabsfunksjon for Telemark Technologies. Herunder rekneskapsføring. Selskapet blei etablert 2010 og har 3 tilsette. Det er planlagt internasjonale leveransar gjennom Telemark Technologies-systemet i 2013. Ei ei globalisert verd gir det ein god effekt å kunne tilby lokal kultur som presentasjonsramme for ny internasjonal teknisk innovasjon. Det som heiter globalisering, ein internasjonalt gjeldande trend. Jfr. Kongsberggruppen sin bruk av Kongsberg-tradisjonen. Eigarar i tillegg til Telemark Technologies: Marit Svalastog og Hallgeir Ofte. Rekneskapsmedarbeidarar/kontor: Heidi Vege og Anders Kleppen. Styre: Torgeir Straand, Inge Vikesdal og Hallgeir Ofte.

Subsea Express AS,

etabl. 2010, 3 tilsette i Telemark Teknologipark. Notodden. Medeigar 50%: Sperre Group AS (ROV-teknologi og Telemark Teknologipark). Utfører montasje og test. Skal i framtida utføre ekspress-service på store havdjup og han ein beredskap til å bidra ved typisk eit senario som det vi såg hos BP i Mexico-gulfen. Styret: Thor Olav Sperre, Torgeir Straand og Kristoffer Tollehaugen.

BLE Deicing Technology AS,

etablert 2012 og er i etableringsfasen. Lagar ein eigen teknologi for automatisk avvising av fly. Teknologien er seinare tiltenkt ei rolle i samband med subsea-satsinga i nordområda. Kongsberg gassturbin (nå Dresser Rand) fekk erfaring med tilsvarande problematikk ved eksport av turbinar til krevjande område. Styret: Leiar Gorm Syvsersen, dagleg leiar Inge Vikesdal, Andreas Thorvaldsen og T. Straand

Telemark Subsea AS,

(tidlegare Industriteknikk AS, etablert 1988) driv med mekanisk produksjon for hovudsakleg Kongsberg-miljøet og andre selskap i Telemark Technologies. Å ta tak i dette selskapet, spesialisere det innan bransjen, og gjera eit betydeleg løft på kapasitet og administrative rutiner, vil berge 10 arbeidsplassar på Notodden, og skape minst like mange nye dersom satsinga lykkast. Selskapet blei kjøpt i 2012, same år som selskapet også har tatt over den mekaniske delen av NOPRO på Notodden. Ein viktig del i selskapets strategi er å bidra til totalleveransar frå Telemark Teknologipark, samt å knytte heile Tuven-området saman til eitt industrisenter.

Styret: Leiar Torgeir Straand, Gorm Syvsersen (subsea-pioneer), Matz Sandmann (tidl. statsråd og fylkesmann i Buskerud), Olav Sunde (dagleg leiar NIRAS, metallurg) og Tormod Lie (eigar NIRAS), varamedlem.

Vest-Telemark Subsea AS,

etablert 2012 under namnet Telemark Subsea, og er under etablering. Selskapet skal knytte til seg ingeniørar med høg grad av system- og applikasjonskompetanse innan subsea-fagfeltet. Selskapet er såleis tiltenkt å vera krona på verket når alle dei andre selskapa med fabrikkasjon, engineering, digital kommunikasjon, test og montasje er oppe og går.


Styret: Leiar Torgeir Straand og Kristian Kongshem (subsea-senior frå Rauland)

Octagon AS,

skal levere digital kommunikasjon, kjøpt 2012, og har fem tilsette. Selskapet skal flyttast frå Kongsberg til Telemark Teknologipark. Selskapet sin funksjon i systemet er å lage app-teknologi til overvaking av subsea-utstyr, samt å profilere Telemark Technologies- selskapa.

Styret: Torgeir Straand og dagleig leiar Keith Johansen.

KVA OG TIL KVEN SKAL TELEMARKE TECHNOLOGIES LEVERE?



1.3. Godkjenning prosjekter

Telemark Technologies og leiargruppe samansett av representantar for dei ulike dotterselskap/styre godkjenner dei overordna prosjekta, strategiane og dei gjennomgåande vedtaka.

I tillegg til Telemark Technologies med underliggende bedrifter har dei følgjande firma/privatpersonar teikna skriftlege avtaler, eller gitt tilslutning med kvar sine bidrag:

AUST-TELEMARK:

NOPRO AS, samarbeidspartner, huseigar, Notodden
SPERRE AS, samarbeidspartner / deleigar, Notodden
Telemark Teknologipark AS, huseigar, Notodden
Bryggekantina AS, huseigar Notodden
Notodden kommune & Notodden Industriselskap AS, NUAS), Notodden
Nøkkelpersonell i bedriftene.
Levo Maskin og Maskineringsverksted, Rjukan

VEST-TELEMARK

Desse stiller med 10 millionar i lokal kapital 30 mål tomt på Århus for at Telemark Technologies skal kunne reise eit teknologibygge i Vest-Telemark:
Seljord kommune, vertskapskommune,
Århus Næringspark
Vest-Telemark Næringsbygg
Seljord Sparebank

Vest-Telemark Næringsforum (aktiv samarbeidspartner)

Det er elles intensjon å nytte eksisterande verksemdar i regionen som underleverandørar, m.a. Dalen Mekaniske og NLI der vi alt nå har samarbeid.

MIDT-TELEMARK:

Hans Erik Myhra Maskineringsverksted, samarbeidspartner
Bø kommune, vertskapskommune, Til Telemark AS.
NIRAS (Norsk Induksjonsrørbøying AS) v/ Olav Sunde, dagleg leiar NIRAS i Bø / styremedlem Telemark Subsea og eigar Tormod Lie (varmedlem)

NEDRE TELEMARK:

Nokre selskap i nedre delen av fylket har kontakta Telemark Technologies for eit tettare samarbeid, og invitert til deltaking på eigarsida. Dersom vi går inn her, vil vi truleg kunne styrke/redde bedriften med å tilføre kompetanse og tilgang i marknaden. Kan vera aktuelt for å få eit ankerpunkt i Nedre Telemark.

Telemark Offshore (T. Straand er styremedlem)

NASJONALT

Pressemelding frå Olje- og energidepartementet, 5.12.2012:

«

Du er her:

- [regjeringen.no /](http://regjeringen.no/)
- [Olje- og energidepartementet /](#)
- [Aktuelt /](#)
- [Nyheter /](#)
- [2012 /](#)
- På besøk hos leverandørindustrien i Telemark

Nyhet, 05.12.2012

På besøk hos leverandørindustrien i Telemark

Olje- og energiminister Ola Borten Moe besøkte tirsdag Telemark Teknologipark på Notodden hvor han fikk møte lokal leverandørindustri til olje- og gasssektoren.

Representanter for Sperre Group og BLE Engineering tok i mot statsråden, og kunne fortelle om store industriutviklingsplaner i området både for bedrifter og infrastruktur. Sperregruppen har bygget Telemark Teknologipark på Tuven industriområde ved Heddalsvannet som ble åpnet i august 2012.

- Det er gledelig å se denne typen industriutviklingsplaner som har potensial til å skape arbeidsplasser og levere til norsk sokkel så vel som internasjonalt. I tillegg setter det Telemark på kartet i olje- og gassammenheng, også innenfor teknologiutvikling, sier Ola Borten Moe.

Bygget er tilrettelagt for selskaper som arbeider med engineering, testing og undervannsteknologi på Notodden. Representantene understreket i møtet betydningen av Telemarks forutsetninger med kompetanse, disponibelt areal, infrastruktur og ikke minst lokal finansiering for videre verdiskaping i fylket.

- Med et høyt aktivitetsnivå i leverandørindustrien fremover er det også viktig å utnytte kapasiteten i hele landet. Nye etableringer i Telemark viser at norsk leverandørindustri gjør nettopp dette gjennom at virksomheten utvikler seg utover de mer kjente geografiske områdene i olje- og gassammenheng, avslutter Borten Moe.



Olje- og energiminister Ola Borten Moe blir i samtale med Torgeir Straand (t.h.) i BLE Engineering (foto: HSI / OED).



Olje- og energiminister Ola Borten Moe (nærmest kamera) blir vist rundt i produksjonslokalet (foto: HSI / OED).

«

Teknologisk Institutt: NS-EN ISO 9001:2008 godkjenning
 Teknologisk Institutt: NS-EN ISO 14000:2004 godkjenning
 Teknologisk Institutt: NS-EN OHSAS 18001:2007 godkjenning

NRK1: Lagar dokumentar om satsinga, «De ustoppelige», sendast september 2013, eitt av sju program om norske gründerar.

Eit utval relevante eksterne vurderingar:

Dagens Næringsliv: Gasellebedrift - Ble Engineering
 Deloitte's Fast50-kåring: Ble Engineering nr 40 av dei 50 mest veksande og økonomisk lønnsame teknologibedriftene i Noreg.

KONGSBERG:

Kongsberg Teknologipark, huseigar, Kongsberg
 FMC Techonologies, *global* leverandørgodkjenning i.l.a 2012
 Kongsberg-gruppen, rammeavtale / leverandørgodkjenning
 SIMENS AS, rammeavtale /leverandørgodkjenning

ASKER:

Aker Solutions, rammeavtale/leverandørgodkjenning. A-rating som leverandør på «bidders list»



1.4. Økonomiske kontrollvurderingar

Økonomiske beregningar blir gjennomgått av leiargruppa, med svært høg kompetanse innan bransjen og økonomifaget for øvrig. Samansetjinga av kvalifiserte personar inneheld m.a. 3 siviløkonomar som har deltatt i nokre av landets største tilsvarande prosjekt tidlegare. M.a. var Gorm Syversen Prizing Manager i Kongsberg Våpenfabrikk, og direktør i 15 år i Bennex Omnitec (i dag SIEMENS) på Kongsberg. Matz Sandmann er også siviløkonom og har brei styreerfaring. Utfyllande namnelster sendast på forespørsel.

Med bakgrunn i G. Syversen si mangeårige erfaring med etablering at tilsvarande selskap / konsern innan subsea-bransjen, nyttar vil avanserte økonomiske modellar tilpassa denne bransjen, der særleg fokus på direkte timar og utnytingsgrad er i fokus. Vi har eitt årsverk som til ei kvar tid overvakar likviditet (kontorsjef Bente Dyste, med leiarerfaring frå Telemark Sommarland), samt to eigne tilsette rekneskapsførarar. Heile systemet praktiserer eit prosjektbasert rekneskapsopplegg, som blir oppdatert kvar veke. Revisor er Ernst & Young AS (alle selskapa).

1.5. Godkjenning

Telemark Technologies v/styre og leiargruppe godkjenner igangsetjing av prosjekta våre. Ofte i samråd med kundar.

1.6. Konsekvensar ved avslag av søknaden

For å kunne nytte den gunstige marknadssituasjonen vi nå har fått, er det avgjerande å gjennomføre eit forprosjekt svært raskt, og deretter få etablert bedriftsstrukturen / fasilitetar / den nye teknologien.

Tidsfaktoren er avgjerande. Sjansen er her nå, og eit avslag kan føre til at prosessen med å komme i gang tar for lang tid.

1.7. Prosjektrekneskap

I all vår drift er det gjennomført prosjektrekneskap i langt større grad enn det som er vanleg i industrien i Telemark. Kwart prosjekt får eige rekneskap, uansett.

Regnskapet førast av Heidi E. Vege og Anders Kleppen hos Til Telemark AS, med Haugerud Regnskapskontor v/ Tor Arne Haugerud (Notodden) som rådgjevar og Ernst & Young er revisor.

1.8. Støtte frå offentlege instansar

1.8.1. Tidlegare innvilga støtte eller andre offentlige søknad sendast til

Det har ikkje blitt gitt offentlig støtte til satsinga, men NUAS har gitt kr 2 mill i lån til bedriftsutvikling på Notodden.

Vest-Telemark-aktørane stiller med 10 mill til å styrke eigenkapitalen for etableringa i Vest-Telemark (på Århus). Det vil bli søkt om midlar frå Innovasjon Norge. Eit eigna utviklingsprosjekt kan gjere det aktuelt å søke SkatteFunn. Søkjar vil informere TUF om resultat etter søknadsrunden.

Det er vanskeleg å lage ein god nok søknad til andre instansar før forprosjektet er ferdig, da detaljar i prosjektet må avklarast for å få eit fullgodt budsjett for totalen.

1.8.2. Avslag på tidlegare søknad

Det har hittil ikkje blitt gitt noko avslag på søknader om støtte til satsinga. Det har derimot tidlegare i 2012 blitt sendt ein søknad til TUF frå NUAS, utarbeidd av NUAS.

2. UTFYLLING AV SØKNADEN

2.1. Problemstilling og konsekvens ved dagens løysing

Det avgjerande i nåverande fase er å kome i posisjon til å levere større subsea-prosjekt raskt. Fyrste steg er å konkretisere prosjektet i form av teikningar, utrekningar, ei konkretisering av planane. Eit forprosjekt vil kunne vise marknaden at vi er i posisjon til å levere.

Viser vidare til strategi i starten av søknaden og orientering 14.12.2012.

2.2. Konsekvensar ved dagens løysing

Dei store aktørane i bransjen uttaler at dei skal ha færre og større leverandørar. Konsekvens av å ikkje utvikle dagens struktur kan vera å ikkje få høve til å tilby, og ikkje vera representert på «bidders list».

2.3. Kva skal utviklast

Ved noko hjelp til sjølvhjelp meiner Telemark Technologies å kunne bidra til å setja Telemark tilbake på det internasjonale teknologikartet. For å realisere denne visjonen trengs finansiell hjelp til forprosjekt og hovudprosjekt som er omtalt i søknaden. Da det søkjast om ein relativt liten sum i høve til potensiell inntening og sysselsetjing i kommunar som i dag manglar dette, meiner Telemark Technologies at ei slik investering er av det mest lønnsame ein kan ta

seg til i dagens marknad. Sjå presentasjon, vist for TUF 14.12.2012. Utfyllande detaljar presenterast etter forprosjektet.

2.3.1. Konsekvensar ved ny løysing

Eit vellykka prosjekt vil gi teknologiarbeidsplassar i Telemark i minst ein generasjon. Spin-off vil truleg vera betydeleg. Sidan bransjens største utfordring i dag er kompetanse og kapasitet, er dette noko som finst i Telemark. Ved gjennomføring av dette prosjektet vil dagens eksisterande teknologibedrifter få auka aktivitet som underleverandørar. Bedrifter som i dag ikkje er på «bidders list» får høve til å levere, og lære seg energibransjens krav.

Å levere ny teknologi til oljebransjen fører til auka utvinning av fossilt brennstoff. Dette vil somme sjå som negativt, men satsinga held seg innom dei føringar som er gitt av OED og Regjeringa. I tråd med Olav Fjalestad sin gamle strategi, bør derimot ei slik teknologisatsing i neste generasjon kunne føre til ei satsing på jernbane, i samarbeid med aller relevante aktørar, og setja fokus på samferdsel generelt.

Nokre aktørar kan sjå det som negativt at industri/teknologi i dette prosjektet vil trekke til seg tilsette som i dag er i andre næringar.

2.3.2. Samanliknbare prosjekt

Det har den siste tida blitt presentert konsept med same grunnide, til og med tilnærma same firmanamn som denne satsinga. Desse vil bli invitert til samarbeid, framfor konkurranse. Pga. kompleks teknologi, er det relativt få aktørar som har kunnskap til å gjennomføre ei slik satsing, så i realiteten er det ikkje konkurrerende verksemder i Telemark.

Satsinga er samanliknbar med tidleg subsea-satsing på Kongsberg. Fleire aktørar med erfaring derifrå har uttrykt ønskje om ei ny slik satsing. Bedriftene på Kongsberg har blitt så store, og byråkratiske, at ein ny utviklingsaktør i bransjen bør ha livets rett i samarbeid med Kongsberg-miljøet.

2.3.3. Konkurrentar

Det eksisterer ikkje tilsvarende verksemd i Telemark i dag, konkurrenten er i så fall kundane. Derfor er samarbeid viktig for å hindre at satsinga opplevast slik.

Prosjektet vil vera avhengig av å få leveransar frå teknologiaktørar som alt er etablert i Telemark.

2.4. Gevinstar etter gjennomføring

Prosjektet har som mål å plassere Telemark tilbake på det internasjonale teknologikartet dersom det lykkast. I følge Norsk Industri er verdiskapingsforholdet i denne bransjen 1:5, dvs. at 20 arbeidsplassar i denne næringa gir 100 totalt.

2.4.1. Økonomiske gevinstar

Dersom prosjektet lykkast, og vil ha lokale eigarar i neste generasjon er den økonomiske gevinsten for lokalsamfunnet stor. Telemark Technologies gir totalt 36 arbeidsplassar i dag. Vi håpar å kunne ha om lag 150 årsverk innan utgangen av 2016.

Sidan vi på dette tidspunktet ikkje har lov å presentere produkt, blir oppsettet noko abstrakt for lesaren. Men generelt operer vi med eit prosjektbidrag på 30%. Dvs. ei prosjekt til kr 100 mill vil gi prosjektet kr 30 mill i bidrag. Bidrag 2 (bunnlinja) bør i vår bransje ligge på om lag 10%.

2.4.2. Kvalitative samfunnsøkonomiske gevinstar

Prosjektet bør gjennomførast innan 2016. Forstudien tidleg i 2013. Forstudien vil gi utfyllande svar, og vera eit grunnlag for søkning av meir finansiering, da mange detaljar må konkretiserast. Sjå elles allmenn kjente kalkyler i bransjen, f. eks. rapporten frå Rysstad Energy.

2.5. Risikopunkter

Det er ein risiko at oljeprisen kan bli så låg at det blir stillstand i marknaden. Derfor arbeider Telemark Technologies med å skaffe seg kundar i andre delar av energibransjen.

2.6. Kor bør prosjektet forankrast


Prosjektet må ha følgjande forankring:

1. Hos tilsette
2. Hos kundane (bidders list / ISO-godkjenning/bransjekunnskap)
3. I lokalsamfunnet

Viser til presentasjonen.

2.7. Korleis skal prosjektet gjennomførast

Arbeidet skal gjennomførast i regi av eksisterande verksemder i Telemark Technologies, da dette gir størst tiltru frå kundane:



Forstudiet må gjennomførast raskt for å komme ut i merkningen som fort som mogleg, i ein kombinasjon av «intern» og ekstern kompetanse. Telemark Teknologipark på Notodden er i mange høve eit «sjølvbergingsbruk» av bedrifter med kompletterande kompetanse. Vidare har bedriftene i Kongsberg Teknologipark mykje av den spisskompetansen og erfaringa som i dette tilfellet er nødvendig.

2.8. Overordna tidsplan og milepælar


FASE 1: FORSTUDIUM, INNAN VÅREN 2013:

Telemark Technologies søker TUF om følgjande bidrag til forstudium av det som er presentert i denne presentasjonen, for å kunne presentere eit detaljert budsjett, investeringsanalyse, og ha eit materiale godt nok til å kunne få til eit innsalg:

- Arkitekt for utteikning av NOPRO, Industriveg Tuven, Vest-Telemark Teknologipark og Grenland for presentasjon og detaljbudsjettering.

- Prosjektleiing, innsalgsprosjekt, konseptmøte med store aktørar, og naudsynt profilarbeid. Vidare etablering av det minimum av sveiseverkstad tilpassa bransjen (Notodden), slik at merkningen kan konkludere i vår favør.

Konseptskisse som viser sveiseverkstaden i system:



Telemark Technologies ønsker å raskt etablere fabrikk i Nedre Telemark. Til dette trengs min. NOK 3 mill til egenkapital.

FASE 2: (TIL ORIENTERING) ETABLERING I NEDRE TELEMARK, SOMMAREN 2013

For å skape eit produksjonsledd i Nedre Telemark / Grenland, kan det vera aktuelt å gå inn og styrke eit eksisterande produksjonsmiljø framfor nyetablering frå botnen av. Da oppnår ein følgjande: Sikre noko som er i gang fortsatt drift, og ein vil vera oppe å gå raskare. Ei prosentvis stor auke gir større effekt ved å auke noko av ein viss storleik framfor å strate frå 0-punktet.

Dette kan, meiner vi, vera utløyssande for å sikre om lag 30-40 arbeidsplassar som i dag har ei usikker framtid.

Utfyllande konfidensiell informasjon kan framleggjast dersom dette er aktuelt.

FASE 3 (TIL VURDERING): STOR ETABLERING I VEST-TELEMARK

Telemark Technologies å raskt etablere eit subsea produksjonsanlegg i Vest-Telemark, samt å utvikle eige testutstyr for å kunne teste ny teknologi til bruk ved brønnoverhaling (intervention).

Dette vil skape om lag 30-40 nye arbeidsplassar,

Gode tilbakemeldingar frå stor aktør i marknaden gjer det sannsynleg at vesentleg drahjelp vil vera tilgjengelig innan teknologi og utvikling av denne dersom vi kan dokumentere konseptet gjennomførbart.

SKISSE – VEST TELEMARK TEKNOLOGIPARK, ÅRHUSMOEN (byggetrinn 1 og – 2):



3. DRIFTSFASEN

3.1. Kven skal ha ansvaret for den framtidige drifta

Viser til presentasjonen med kundeliste, produktspekter og organisasjonskart. Vi har ikkje høve til å legge fram driftsavtalene på dette tidspunktet.

4. SAMARBEID MED ANDRE

4.1. Vil andre ha nytte av prosjektet

Andre leverandørar i Telemark med relevant kompetanse bør dra nytte av prosjektet dersom det blir realisert. Det er hovudtanken bak prosjektet, å skape ein vinn-vinn-situasjon.

Viser m.a. til potensielt leverandørregister utarbeidd av Vest-Telemark Næringsforum og medlemsliste i Telemark Offshore.

4.2. Er det oppretta samarbeid med andre

Sjå prosjektorganisasjon og søknaden forøvrig. Satsinga er avhengig av eit breitt spekter av samarbeidande bedrifter.

5. BUDSJETT FINANSIERING DRIFT

5.1. Budsjett

Etter forprosjektet vil vi kunne legge fram driftsbudsjett. Per i dag er her for mange store utsikre faktorar til at vi ønskjer å legge det fram. Dette er bakgrunnen for søknaden.

BUDSJETT – FORPROSJEKT (FASE 1)	TNOK
Konsernprfil, www, app.	440 000
Arkitekt, Århus, Tuven, NOPRO, konsept	424 000
Prosjektlear (Fase 1)	637 000
Teknisk inst., subsea montering/sveis	650 000
Reiser	25 000
Forstudium, brønnteknologi, trykktest	2 145 000
Total NOK	4 325 000

Det blir brukt om lag 2 mill på Telemark Subsea AS for å utvikle maskineringsbedrift/prototypeverkstad tilpassa subsea-marknaden.

5.2. Finansieringsplan

Finansiering (inkl. trykktestanlegg):

Støtte frå TUF, forstudium (fase 1)	1 600 000
Eigen finansiering, maskineringsverkstad	2 725 000
Totalt finansieringsbehov	4 325 000

Gode tilbakemeldingar frå stor aktør i marknaden gjer det sannsynleg at vesentleg drahjelp vil vera tilgjengelig innan teknologi og utvikling av denne dersom vi kan dokumentere konseptet gjennomførbart.

5.3. Driftsbudsjetter

Dette vil kunne leggest fram som resultat av forstudien som her er omsøkt.

6. FORANKRING MOT FORMÅLET TIL TUF

Søkjar arbeider for at satsinga skal bidra til å skape og underbygge ei positiv befolkningsutvikling og næringsutvikling i alle deler av Telemark Fylke.

7. REGLAR OM OFFENTLIG STØTTE

7.1. Egen vurdering i forhold til offentlig støtte

Vi meiner vi er innanfor regelverket for offentlig støtte.

Notodden, 16.12.2012

Telemark Technologies AS
Torgeir Straand, styreleiar